

MØTEPROTOKOLL

Utval: Personal og økonomiutvalet
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 07.06.04 **Tid:** 08.30 – 13.00 og frå kl 16.30 – 16.45

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 5 medlemmer møtte 5, inkl. varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Bright Olav Gåsdal møtte i sak 14

Jon Magne Bøgevik fekk permisjon slik at han var ikkje til stades ved handsaming av sak 14

I staden møtte:

Sture Tveit i sakene t.o.m. sak 10

Andre som var tilstade på møtet: Adm.sjef Ramsli, ass.adm.sjef Våge, kommunekasserar Per Eikestad i sakene 6 – 12/04, personalsjef Jan Erik Bøge i sak 10/04

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 10. juni 2004

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saklista med følgjande tilleggssaker:

010/04: Uravstemming om HTA 2004-2006,

011/04: Verdibrev til bustadetablering 2004,

012/04: Rehabilitering av Hagamulen – finansiering,

013/04: Midlar til skogbruk og kulturlandskap.

014/04: Studietilskot

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent

UTVALET SITT KVARTER:

Det kom ingen innspel.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

1. Ordførar ba om tilbakemelding på korleis ho skulle handtera krav frå politikar om dekking av ekstra reiseutgifter for å køyra eigen bil i samband med kurs. Administrasjonssjefen orienterte om at det på førehand var inngått avtale om at kommunen ikkje skulle dekkja meirkostnaden dersom det vart vald å nytta eigen bil. Denne avtalen har og politikaren orientert ordførar om, men at dette viste seg å vera problematisk, og at det derfor vart nytta eigen bil i staden for felles transport. Medlemmane i personal- og økonomiutvalet var tydelege på at sidan det var ein klar avtale på førehand, var det ingen grunn til å betala ut ekstra køyregodtgjersle.
2. Administrasjonssjefen orienterte om kårhussaka på Tyssealand, der avgjerda vart forkynt for vedkomande 18. mai.
3. Det vart orientert om at det er tilsett leiar av teknisk eining, men at vedkomande har takka nei til tilbodet. Administrasjonen vil vurdere dei andre søkjarane på nytt før det vert teke stilling til vidare framgangsmåte.
4. Ass.adm.sjef orienterte om at det er sendt ut sakspapir om val av framtidig skule- og barnehagestruktur, og val av bassengløysing. Begge sakene skal handsamast i kommunestyret 17 juni. Det er og sendt ut sakspair til SU og Fau ved skulane, Utd.forbundet, og aktuelle organisasjonar. Det er høve til å komme med evt. merknader til sakene innan 14 juni kl. 13.00.
5. Varaordførar Bogevik orienterte om generalforsamling i Norheimsund industriar der Samnanger kommune er ein av dei største aksjonærane. Eigarane er bedt om å koma med innspel til kva dei vil med bedrifta, halda fram som no, utvida aktiviteten m.m.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0006/04	04/00202 KOMMUNEREKNESKAPEN 2003.
0007/04	04/00042 ÅRSMELDING 2003
0008/04	04/00033 TILLEGGSLØYVINGAR 2004.
0009/04	00/00247 STOLPANE SKULEHUS.
0010/04	04/00036 URAVSTEMNING OM HOVUDTARIFFAVTALE 2004 - 2006
0011/04	04/00044 VERDIBREV TIL BUSTADETABLERING 2004. LARS ÅGE SANDVIK
0012/04	04/00248 REHABILITERING AV HAGAMULEN - FINANSIERING
0013/04	04/00252 MIDLAR TIL SKOGBRUK OG KULTURLANDSKAP
0014/04	01/00456 UTDANNINGSPERMISJON 2001 INGER KARIN TOTLAND FINANSIERING

0006/04

KOMMUNEREKNESKAPEN 2003.

Handsaming i møte:

Utvalet gjekk igjennom rekneskapen

Utvalet vart orientert om at kontrollutvalet hadde fatta slikt vedtak:

Samnanger kommune sin årsrekneskap 2003 vert desidert i samsvar med revisor si melding og tilråding om godkjenning, dagsett 3. mai 2004.

Personal- og økonomiutvalet fatta samrøystes vedtak i tråd med vedtaket i kontrollutvalet.

Vedtak:

Samnanger kommune sin årsrekneskap 2003 vert desidert i samsvar med revisor si melding og tilråding om godkjenning, dagsett 3. mai 2004.

0007/04

ÅRSMELDING 2003

Handsaming i møte:

Utvalet gjekk igjennom årsmeldinga frå administrasjonssjefen.

Det vart orientert om vedtaket i kontrollutvalet som lyder:

Kontrollutvalet tek årsmeldinga 2003 for Samnanger kommune til orientering.

Personal- og økonomiutvalet samla seg bak fylgjande samrøystes vedtak.

”Kommunestyret tek Årsmeldinga 2003 til orientering”.

Vedtak:

Kommunestyret tek Årsmeldinga 2003 til orientering.

0008/04

TILLEGGSLØYVINGAR 2004.

Handsaming i møte:

Personal- og økonomiutvalet fatta samrøystes vedtak i tråd med saksutgreiinga i saka.

Vedtak:

Samnanger kommune vedtek framlegg til tilleggsløyvingar med budsjettjustering som følgjer:

konto nr.	utgift opp	utgift ned	inntekt opp	inntekt ned	justert budsjett
1.2020.2022.1500	4500				4500
1.2010.2021.0100	110000				4802000
1.2010.2021.0900	50000				505000
1.2010.2021.0990	70000				696000
1.2010.2021.	100000				
1.3002.2410.0101	100000				1315000
1.9000.8400.8101				67000	173000
1.9000.8000.8740				430000	3734000
1.3200.2440.2700	100000				124000
1.1001.1003.3500		30000			220000
1.1502.3830.7000			34000		34000
1.1200.1205.2402	50000				62000
1.xxxx.xxxx.0900	719000				6121000
1.1200.1700.0990	10000				10000
1.1200.1800.4900		167000			171950
1.1200.1800.4901		500000			1800000
1.9002.8800.9300			372500		1672500
1.9002.8800.9500			757000		757100
1.1300.3900.4702	50000				1593000
Sum	1363500	697000	1163500	497000	0

Linje 1 = AMU Nordbygda

0009/04

STOLPANE SKULEHUS.**Handsaming i møte:**

Marit Aase sette fram følgjande framlegg:”

Samnanger kommune forskotterar inntil kr. 100.000 for å få flytta Stolpane skulehus i tillegg til tidlegare midlar.

Forskotteringa skal skje via kulturkap.; tilskot til utbetring av samfunnshus med kr. 25.000,- over 4 år.

Oppnemnde ad-hoc utval i kommunestyret nedsett til arbeidet med Stolpane skulehus, tek ansvar for organisering og dugnadsarbeidet som er tenkt inn i saka.

Ad-hocutvalet og administrasjonen arbeider vidare for å skaffe pengegåver til prosjektet.

Det vart røysta over framlegget frå Aase. Det vart vedteke med 4 mot 1 røyst.

Vedtak:

Samnanger kommune forskotterar inntil kr. 100.000 for å få flytta Stolpane skulehus i tillegg til tidlegare midlar.

Forskottinga skal skje via kulturkap.; tilskot til utbetring av samfunnshus med kr. 25.000,- over 4 år.

Oppnemnde ad-hoc utval i kommunestyret nedsett til arbeidet med Stolpane skulehus, tek ansvar for organisering og dugnadsarbeidet som er tenkt inn i saka.

Ad-hocutvalet og administrasjonen arbeider vidare for å skaffe pengegåver til prosjektet. ” PØ-utvalet røysta over framlegget til Aase.

0010/04

URAVSTEMNING OM HOVUDTARIFFAVTALE 2004 - 2006**Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune stemmer ja til det tilrådde forslaget til tariffrevisjon 01.05.2004.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune stemmer ja til det tilrådde forslaget til tariffrevisjon 01.05.2004.

0011/04

VERDIBREV TIL BUSTADETABLERING 2004.**LARS ÅGE SANDVIK****Framlegg til vedtak::**

Lars Åge Sandvik får innløyst verdibrevet sitt med kr 25.000 . Grunngevinga for dette er at han har kjøpt hus i kommunen, gnr. 26, bnr. 43 og 59.

Tilskotet vert ført i kommunerekneskapen på konto nr. 1.1400.2835.4700

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Lars Åge Sandvik får innløyst verdibrevet sitt med kr 25.000 . Grunngevinga for dette er at han har kjøpt hus i kommunen, gnr. 26, bnr. 43 og 59.

Tilskotet vert ført i kommunerekneskapen på konto nr. 1.1400.2835.4700

0012/04

REHABILITERING AV HAGAMULEN - FINANSIERING**Handsaming i møte:**

Sture Tveit gjekk før handsaming av saka.

Fellesframlegg frå PØ: Saka går utan tilråding frå Personal og økonomiutvalet til kommunestyret.

Vedtak:

Saka går utan tilråding frå Personal og økonomiutvalet til kommunestyret

0013/04

MIDLAR TIL SKOGBRUK OG KULTURLANDSKAP**Framlegg til vedtak::**

Tildelte midlar til skogbruk og kulturlandskap vert samla i ein pott til nytte for landbruket i Fusa, Os og Samnanger. Landbrukskontoret handsamar sakene administrativt ut frå forskrifter og retningsliner og rapporterer til politisk utval i alle tre kommunane.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Tildelte midlar til skogbruk og kulturlandskap vert samla i ein pott til nytte for landbruket i Fusa, Os og Samnanger. Landbrukskontoret handsamar sakene administrativt ut frå forskrifter og retningsliner og rapporterer til politisk utval i alle tre kommunane.

0014/04

**UTDANNINGSPERMISJON 2001 INGER KARIN TOTLAND
FINANSIERING****Handsaming i møte:**

Utvalet gjekk samrøystes inn for at det vart løyvd kr 35.000 i tilskot til Inger Karin Totland knytt til studiepermisjon. Midlane vart løyvd av tilleggsøyvingskontoen.

Vedtak:

Tilskotet til Inger Karin Totland i samband med studiepermisjon vert finansiert ved bruk av konto for tilleggsøyvingar.

Konto nr. 1.1200.1800.4900 tilleggsøyvingar

vert sett ned med kr 35.000

Konto nr. 1.3201.2440.0509 stipend

vert auka med kr 35.000